

Informasjon om Individuell plan

Ynskjer du, og har du rett til, individuell plan ?

Du som treng langvarige og samordna tenester har rett til å få laga ein individuell plan i fall du ynskjer det. Lovverket for helse- og omsorgstenestene ligg til grunn for dette.

Planen skal vera eit verktøy for å sikra samarbeide både mellom deg og tenesteytarane, og mellom fagpersonane involverte i planen.

Individuell plan er òg viktig for samarbeidet ditt med etatar utanom helse- og omsorgstenesta, som t.d. NAV og utdanningsinstitusjonane.

Planen skal vera din.

Dine behov, ynskje og mål skal koma tydeleg fram i den individuelle planen. Du har rett til å ta aktivt del i heile planprosessen og du har alltid høve til å ha med deg pårørande eller hjelpar/likemann i arbeidet.

Du sjølv veit best korleis situasjonen din er, men ulike fagfolk har oversikt over løysingsalternativ. Planen skal omfatte ei oversikt over måla dine, ressursane dine og behova for tenester du har, samt tiltak som kan vera aktuelle for deg.

Tiltak og tenester kan t.d. vera knytt til helsetenesta, utdanning, trygdeytning, attføring og arbeid. Den individuelle planen skal gje oversikt over dei tiltak du treng for å kunna leva så aktivt og sjølvstendig som mogleg. Planen tek for seg ansvarstilhøve og set dato for evaluering.

Når ein jobbar slik ser ein tenestene du får i samanheng med kvarandre, slik at det samla tenestetilbodet ditt vert ein individuelt tilpassa heilskap.

Den individuelle planen gjev ikkje større rett til enkelttenester, men er eit viktig arbeidsdokument for meir heilskapleg tenking rundt tenestetilbodet ditt. Dokumentasjonen i planen kan gje grunnlag for å søkje om tenester du ikkje har i dag.

Ein av fagpersonane rundt deg vil ha hovudansvar for å gi deg oppfølging og informasjon og for å sikre god framdrift i planarbeidet. Denne personen er koordinator for deg, og dine ynskjer tel når koordinatoren blir utpeikt.

Initiativet til å setja i gang med ein individuell plan kan koma frå deg sjølv eller familien din eller frå fagfolk som gjev deg tenester. Arbeidet med individuell plan kan og ta til mens du er på sjukehus. Då vil sjukehuset ta kontakt med kommunen, slik at planen vert fylgd opp når du kjem tilbake til Jondal.

I Jondal kan du ta kontakt med helse- og omsorgstenesta, NAV eller skule/barnehage om du har spørsmål om individuell plan. Du kan og ta kontakt med kommunen si Koordinerande eining, som har kontaktadresse på Vikevollen Telefon: 53 67 53 00.

Alle desse tenestene har plikt til å setja i gang planarbeid.

Teieplikt

Alle personopplysningar er underlagt teieplikta. Fagpersonane må ha samtykket ditt for å utveksle personopplysningar om deg. Utveksling er naudsynt for at dei kan fylgje opp planen slik den er tenkt. Eit slikt samtykke frå deg er informert, dvs. at du gjev samtykke til kven som skal få opplysningar og korleis desse opplysningane kan verte brukt.

Klage

Om du opplever å få eit mangelfullt tilbod kan du klage. Kommunen si plikt til å utarbeide individuell plan og tilby koordinator er regulert i helse- og omsorgstenestelova §§ 7-1 og 7-2, mens retten til individuell plan er regulert i pasient- og brukarrettigheitslova § 2-5.

Oppnevning av koordinator er ikkje regulert som ein rett, verken i helse- og omsorgstenesteloven eller i pasient- og brukarrettigheitslova. Klageadgangen er regulert i pasient- og brukarrettighetsloven kapittel 7, jf. særleg § 7-2. Her går det fram at pasient eller brukar som meiner det er brot på bestemmelsane i kap. 2, 3 og 4, samt § 5-1, § 6-2 og § 6-3, kan klage til Fylkesmannen, og at klagen skal sendast til den som har gjort enkeltvedtaket eller tatt avgjersla.